Midsund kulturskule hadde ved utgongen av 2017 184 elevplassar på faste undervisningstilbod i musikk, dans, produksjonsteknikk og kunst, inkludert medlemmar i kor (Markato). Kulturskulen har også ei satsing på Korps i skulen, der elevane i 5. klasse lærer å spele korpsinstrument. «Frem frå glemsele» er eit tilbod til brukarar og besøkande på omsorgssenteret annankvar veke, og «Musikk ved starten av livet» er eit drop-in-tilbod til born 0-3 år, ein gong per måned. Kulturskulen har også eit tilbod i Zumba ein gong per veke, og tidsavgrensa gitarkurs for vaksne.



Rektor: Åshild Melkeraaen

Hovudoppgåver

Midsund kulturskule skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i kommunen gjennom opplæring, oppleving og formidling innan ulike kulturfag. «Kulturskule for alle» er vår visjon. Rammeplan for Midsund kulturskule vart vedteken i kommunestyret juni 2016. I samsvar med plana, skal vi ha tilbod i musikk, dans, drama og kunst og skapande skrivning. Vi har flest elevar på musikkfag, men dansetilbodet har også etablert seg godt med ein stabil elevmasse (ca 30 stk). Vi har i 2017 også hatt fast tilbod i visuell kunst gjennom heile skuleåret.

Mål

Måloppnåing

Brukere

Å gje eit godt og bredt tilbod til alle innbyggjarane i kommunen innan opplæring i kulturfag, der ventelistene er så korte som mogleg. Born og unge prioriterast, men det kan også vere tilbod til vaksne.

Kulturskulen hadde få elevar på venteliste i 2017. Vaksne deltek på tilbod i kor, torader og eige gitarkurs. «Frem frå glemsele» og Musikkleik for born 0-3 år famnar dei eldste og dei yngste

Gi fordypingsmuligheiter som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgere utdanning innan kunst- og kulturfag

Vi har høve til å gi tilrettelagt undervisning for elevar som har særleg interesse og forutsetningar for å arbeide med ulike kunstfag. Vi kan også samarbeide med andre kulturskular om fordypingsprogram. Vi hadde ingen elevar på slikt program i 2017.

Kulturskulen skal samarbeide med skuleverket og bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturtilbod til alle born og unge

Kulturskulen har ansvar for musikkopplæringa i 5. klasse, der vi har opplæring i korpsinstrument. Potensialet for samarbeid med skule og barnehage er mykje større.

Kulturskulen skal vere eit lokalt ressurscenter, og i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet

Kulturskulen er ein viktig ressurs i samband med UKM, der også ungdom som ikkje går i kulturskulen kan delta. Kulturskulen støttar elles opp om kommunale- og det frivillige kulturlivet sine aktivitetar t.d. Midsundfestivalen, korps og pensjonistarrangement m.m. Lærarar brukast som akkompagnatørar, underhaldarar og produksjonsteknikar. Kulturskulen sitt utstyr brukast av det frivillige kulturlivet.

Medarbeidarar

Vi ønskjer fagleg dyktige og topp motiverte medarbeidarar.

Alle lærarane deltok på fagdagar i regi av kulturskulerådet. Kvar veke samlast lærarane til «inspirasjonsmøte». Invitasjon til lærarane om å delta på ulike kurs gjennom året. Nokre av lærarane manglar formell pedagogisk kompetanse, men er dyktige utøvarar og formidlarar.

Økonomi

Mål om å få mest og best mogleg kulturskule ut av rammeløyvingane.

Rekneskap i samsvar med budsjett i 2017

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	1.803	1.802	1	100 %	1.692
Netto ramme bygg	0	0	0	0 %	0
Sum drift inkl. kostnader bygg	1.803	1.802	1	100%	1.692

Meir og mindreforbruk 2015-2017 (i heile 1000)

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	2.296	2.324	2 420	2 336
Inntekter	-669	-632	-617	-548
Netto ramme	1 628	1.692	1.803	1 788
Budsjett	1.627	1.692	1.802	
Avvik	1	0	1	

Investeringar

Midsund kulturskule har ikkje hatt investeringar i 2017.

Kommentarar og avviksforklaringar

Positive opplevingar

- Godt samarbeid mellom kommune og kulturskule under avvikling av ei svært vellukka UKM-fylkesmønstring, der over 400 deltakarar frå heile fylket «inntok» Midsund helga 31. mars- 2. april.
- Optimisme i samband med planlegging av nye lokale for kulturskulen i dei noverande lokala til vaksenopplæringa.
- Gode opplevingar i samband med forestillingar og konsertar



«Singing in the rain» med flotte knøttedansarar på iuleforestillinga 2017



«Rørsethornet»- akrylmaleri av Oda Blø

Utfordringar for eininga

- Kulturskulen manglar egne lokale å vere i på dagtid. Mykje betalt bunden arbeidstid til anna arbeid enn undervisning går tapt.
- Små stillingar og ulik arbeidstid gjer det også utfordrande å få til felles møtetid
- Det er stort ønskje om å få på plass fast tilbod i drama/teater. Økonomien er ei utfordring.

Statistikk

Elevplassar	2015	2016	2017
	151	183	184
Bemanning			
Tal på tilsette	6	8	8
Tal på årsverk	2,9	3	3,1
Permisjonar			
Dager	0	0	0
Sjukefråvær (%)			
Eigenmelding (1-8 dagar)	0,1	0	0
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0	0	0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	0	0	0
Totalt fråvær	0,1	0	0



Skal- skal ikkje.....det endte på SKAL, og Midsund vart vertskommune for om lag 400 ungdommar frå heile fylket ei utruleg helg i månadsskiftet mars-april. **Hallen** blei til ein fantastisk konsertarena, med sceneopptredener på skyhøgt nivå. Vi fekk den eine magiske opplevinga etter den andre, der ungdomane sjølve stod for alt, frå presentasjon, sceneteknikk, opptreden og mediedekning. Lyden blei som i det beste kulturhus, og lysshowet var utruleg. **Biblioteket** vart ein flott utstillingsplass, ein kunstlabyrint der ein gjekk inn i "rom" der kunstuttrykka hang saman, fotografi, malerier, teikningar, modellar, neglekunst....vakkert og svært imponerande.

Storsalen vart forvandla til kafeteria eller "veikro" med småbord og buffet, der det vart servert 7 måltid i løpet av helga. På kveldstid blei salen gjort om til konsertscene og mingleområde for deltakereane, med levende musikk frå scena, sjølvstilt, det var nok å ta av. Alt tilrettelagt av "unge arrangører", fra ende til annen. God og inkluderande stemning.

Klasseromma på **Midsund skule**, **Gjerdet barnehage**, **Midsund barnehage** og **Idavoll** vart "hotell", fullpakka, men utan bråk. Dugnadsånda var einestående, og heilt avgjerande for gjennomføringa. Det trengtes folk over alt, og folk stilte opp, som alt frå riggehjelp, kokkar, nattevaktar og parkeringsvaktar!

TUSEN TAKK, Midsund, for at vi kunne gi UKM-deltakarane og oss sjølve unike og uerstattelige opplevingar i vår kommune!



Midsund barnehage.

Midsund barnehage er ein barnehage med 54 plassar fordelt på tre avdelingar. Barnehageåret 2016/2017 var det utvida til 60 plassar. Barnehagen ligg fint til på Bøen med eit variert uteområde. Det er kort veg til skog, fjøre, omsorgssenter og kommunesenteret. Lengre turar går til Idrettshallen, bibliotek, fotballbana og Bakke-skogen.

Barnehagen skal bidra til at alle barn får ein god start i livet. Alle skal få muligheit til å utfolde sin skapartrøng og sin trøng til utforske i trygge rammer.

Hovudoppgåver

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehageloven § 1 Formål)



Einingsleiar Anita Bugge.

Barnehagen skal organiserast etter lov, rammeplan og gjeldande forskrifter. Årsplanen til barnehagen trekkjer dei store linene ned til lokale forhold.

Hovedtema dette barnehageåret er; Språk er nøkkelen til fellesskap, leik, trivsel og glede.

Mål

Måloppnåing

Brukarar	
Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg, leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.	Det er ein kontinuerleg prosess som krev kompetent personale og ein god dialog med foreldra. Vi er avhengig av eit personale som reflekterer over arbeidet som blir gjort. Å ta utdanning i vaksen alder, slik mange gjer, viser at vi har eit kompetent personale. Foreldreundersøking gjennomført nov.-17. Svarprosent 82,22, noko som er svært bra. Resultat på tilfredsheit er 4,8 av 5 moglege!
Dei med rett til barnehageplass, skal få tilbod om plass.	Alle med rett til plass, fekk tilbod om plass. (auke frå 54 til 60 plassar) Frå hausten 2017 var vi nede på 54 plassar igjen.
Medarbeidarar	
Økonomi	
Organisere drifta av barnehagen innanfor tildelt ramme.	Enda med overforbruk. Vanskeleg å halde ramma i vikarbudsjetten. Vi har og auka bemanning etter Barnehagelova §18 ut juni 2017.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	6 322	6 171	151	102 %	6 140
Netto ramme bygg	817	866	-49	94 %	673
Sum drift inkl. kostnader bygg	7 139	7 037	102	101 %	6 813

Meir og mindreforbruk 2015-2017 (i heile 1000)

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	7 686	7 055	8 096	7 359
Inntekter	-2 148	-1 385	-1 774	-1 465
Netto ramme	5 538	5 670	6 322	5 894
Budsjett	5 305	5 412	6 171	
Avvik	233	258	151	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2017.

Kommentarar og avviksforklaringar

Overforbruket skuldast fleire årsaker, men det ligg på lønn og vikarbruk. Når det gjeld vikarutgifter er det vanskelig å halde seg innafor budsjettert ramme, sjølv om ein tenkjer kreativt og slår saman grupper. Vi har og ein assistent i 80% frå januar til juni, tilsett etter barnehagelova § 18.

Positive opplevingar

Nasjonale barnehagedag. Vi har tradisjon der vi arrangerer besøksdag denne dagen. Vi inviterer besteforeldre, foreldre, tanter, onklar, naboar, og venner. Vi viser fram barnehagen og synleggjer vårt innhald. Dagen var vellykka!

Oppgradering både inne og ute i barnehagen.

Teknisk har stått for både det økonomiske og praktiske i anledning oppgradering av barnehagen, både inne og ute. No er området større og betre, og heile området har nytt gjerde. Det er ny gangveg forbi barnehagen og det er ny parkeringsplass. Inne er det pussa opp både på Regnbuen og Blåklokka og nye garderober er det på alle tre avdelingane.

Svært godt resultat på foreldreundersøkinga.

Sjukefråveret har gått mykje ned. Sjå tabell.

Vi er Språkkommune.



Høgtlesing er alltid populært og veldig viktig.



Inntrykk og uttrykk.

Utfordringer for eininga.

- Rekruttere barnehagelærarar.
- Rekruttere barne og ungdomsarbeidarar.
- Oppfordre barnehagelærarane til å søkje vidareutdanning.
- Redusert foreldrebetaling. (Redusert foreldrebetaling for husstandar med lav inntekt, etter søknad.) Gratis kjernetid for barn mellom 3-5 år som bor i husstandar med lav inntekt.

Statistikk

Brukarar	2015	2016	2017
Tal på barn i barnehagen	44	45	46
Tal på plassar	54	54/60	60/54
Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	13	13/15	15/13
Tal på årsverk	10,80	10,80/11,7	11,7/10
Permisjonar	2015	2016	2017
Barns sjukdom	-	-	-
Sjukefråvær (%)	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)	1,9	2,2	1,9
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	1,1	1	0,5
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	13,1	4,6	2,0
Totalt fråvær	16,1	13,6	4,5

Gjerdet barnehage

Etablert september 2011 og held til i eit fleksibelt og universelt tilpassa bygg som imøtekjem utfordringar i dagens barnehagar. Vi har 5 aldersdelte baser: Krabben, Kokkeluren, Kråkebollen, Sjøstjerna og Blåskjellet. Barnehagen har også eit stort uteområde og fleire turområder i nærmiljøet.



Birgitta Hole

Hovudoppgåver

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som gir barn gode høve for leik og meningsfylte aktivitetar. Med utgangspunkt i lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen er drifta tilpassa til lokale forhold og vi har fastsett ein årsplan for Gjerdet barnehage som viser kva vi arbeider etter og kva satsingsområde vi har.

Mål

Måloppnåing

Brukarar

Retten til barnehageplass skal bli innfridd.

Alle som hadde rett til plass fekk plass. Frå dette barnehageåret rett til barnehageplass utvida til å gjelde novemberbarna.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg, leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Foreldreundersøkinga i 2017 hadde 80 % oppslutning og gav eit resultat på 4.2 av 5 i tilfredsheit, ut frå føresette sitt syn på trivsel for barna, er den stor. Vi har også 2-4 foreldresamtalar i løpet av året, foreldre-, SU- og foreldreprerentantmøter jamleg utover året.

Medarbeidarar

Midsund kommune yter framtidretta tenester med ansvarlige og motiverte medarbeidarar. (Langtidsfrisk 2009)

I strategiplanen «Kompetanse for fremtidens barnehage» vert alle grupper vektlagt. 1 assistent fullførte fagbrev i 2017, så nesten alle assistentar har no fagbrev. 1 assistent fullførte også barnehagelærerutdanning og vi rekrutterte 1 ekstern barnehagelærer. Heile personalet har delteke på kompetansehevingsprogrammet Språkløyper. Vi har systematisk rettleiing av personalet, med fokus på kvalitet i det daglege arbeidet og for å løfte realkompetansen. Det vert årleg gjennomført medarbeidersamtalar.

Økonomi

Drifte barnehagen på best muleg måte ut frå dei økonomiske rammene kommunestyret har tildelt barnehagen i budsjett- og økonomiplanperioden.

Gjerdet barnehage har mindreforbruk også i 2017, knytt til lønn og refusjonar i hovudsak. Vi har i 2017 hatt høgt langtidssjukefråver og permisjonar. Vakanse på barnehagelærarstillingar, lavar lønnskostnader og fleire vedtak om å få dekt arbeidsgjevarperioden har medført mindreforbruk. Årlege kutt merkast; handlingsrommet vert redusert, stor slitasje på leiker og utstyr. Mykje utstyr vart flytta frå Raknes og Bygdheim til Gjerdet i 2011, og slitasjen er no merkbar.

Årets emne i Gjerdet barnehage – Lik og ulik – korleis utforske og respektere kvarandre sine måtar å tenke og vere på....



Barnehagen skal sikre barn eit godt pedagogisk miljø med fokus på leik, læring, undring og spørsmål.

Vi har fokus på vennskap og deltaking, noko som er med på å motverke mobbing.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	10 092	10 654	- 562	95 %	9 159
Netto ramme bygg	1 726	1 622	104	106 %	1 614
Sum drift inkl. kostnader bygg	11 818	12 276	- 458	96 %	10 773

Meir og mindreforbruk 2015-2017 (i heile 1000)

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	11 019	11 871	13 089	12 654
Inntekter	- 2 860	- 2 712	- 2 996	- 2 280
Netto ramme	8 162	9 159	10 092	10 374
Budsjett	8 601	9 917	10 654	
Avvik	- 439	- 758	- 562	

Investeringar


Ingen.

Kommentarar og avviksforklaringar

- Meirinntekter på om lag 790'. Høgt langtidssjukefråver, sv.permisjonar og fleire vedtak om dekning av arbeidsgjevarperioden, jfr refusjonar. Vikarutgifter lågare enn refusjonar.
- Totalt mindreforbruk på om lag 560'. I hovudsak knytt til punktet over, men også relatert til vakanse i barnehagelærarstillingar og kjøp av tenester frå Adecco ei periode på om lag 6 mnd., innsparing KLP og arbeidsgjevaravgift på om lag 180'.
- Avsetning til bundne fond kr 60 000, jfr mindreforbruk i matvareinnkjøp.
- Vakanse i barnehagelærarstillingar, men god dekning frå hausten 2017.
- Gjerdet barnehage har hatt ansvar for kontantstøtterapportering og fakturering i 2017.

Positive opplevingar

- Heving av formalkompetansen: Nesten alle assistentane har no fagbrev og KOMPASS-kompetanseheving for assistentar. Alle tilsette deltek på kompetanseheving i språk gjennom Språkløyper, barnehagelærarane deltek i tillegg på Språkkommune.
- Rekruttering av riktig fagkompetanse: Vi har no 9 utdanna barnehagelærarar og berre 1 vakant barnehagelærarstilling.
- Nasjonale tilskot for utdanning av barnehagelærar (ABLU tilskot) og stimuleringstilskot for nyutdanna med høgskuleutdanning har medverkande årsak til at vi no har bra dekning av høgskuleutdanna for tida, jfr 1050 og 1172.
- Foreldreundersøkinga: God tilfredsheit 4.2 av 5.
- Ein del føresette med lav inntekt brukar dei nye moderasjonsordningane for foreldrebetaling i 2017.
- Vigillo barnehage frå desember 2017, informasjonsverktøy mellom barnehage og heim.



Personalet skal skape språkstimulerande miljø for alle barn gjennom leik, kvardagsaktivitetar og tilrettelagde aktivitetar.



Realfagleg innhald skal barna bli inspirert til lærelyst, skaparglede og utforskartrøng.

Utfordringar for eininga

- For lite lagerplass i barnehagen til lagring av vogner og utstyr.
- Stor slitasje på leiker og utstyr inne og ute. Mykje var tatt med frå Raknes og Bygdheim. Vi har ingen sjanse til å kjøpe uteleiker med dagens budsjett på leiker og utsyr.
- Gode informasjonsrutiner. Innføring av informasjonsverktøyet Vigilo barnehage.
- Motivere barnehagelærarane til å ta god og relevant vidareutdanning, jfr Kompetanse for fremtidens barnehage. Halde fokus på rekruttering av riktig fagkompetanse.
- Vi har mange ulike nasjonalitetar og mange som har behov for ekstra støtte i kvardagen, på lengre og kort sikt. Kutt i eininga dei siste åra gjev lite handlingsrom for tiltak internt.
- Nedgang i barnetal i kommunen.

Statistikk

Brukarar	2015	2016	2017
Tal på plassar	90	90/102	102/96
Tal på barn (des)	69	76	73
Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	25/21	21/24	24
Tal på årsverk	17.68/16.6	17.8/19.8	19.8/19.45
Permisjonar (%)	2015	2016	2017
Barns sjukdom			
Sjukefråvær (%)	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)	1.2	1.9	1,9
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0.0	0.5	0,7
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	3.3	0.8	6,7
Totalt fråvær	4.5	3.2	9,3

Kommentarar

08/11: Gjerdet barnehage 72 plassar, Midsund kommune auka med 22 barnehageplassar.
84 plassar. 08/14 90 plassar. 08/16 102 plassar. 08/17 96 plassar.
1.2 årsverk overført frå Regnbuen til Gjerdet barnehage.

06/12
01/16:



Helse og Omsorg

Eining helse og omsorg består av 3 avdelingar med ein einingsleiar

Helse - Kommunelegekontoret, psykisk helse, helsesøster, jordmor og fysioterapi.

Heimebasert omsorg -Heimesjukepleie, heimehjelp, Prosjekt 12, Prosjekt 14, Aktivitetssenter, Fjordstua, avlastning og støttekontakt.

Midsund sjukeheim - 2 somatiske avdelingar for 16 pasientar, inkl. 2 korttidsplassar, 1 skjerma avdeling for demente for 10 pasientar, kjøkken som produserer mat til sjukeheimen, men også til personar som bur heime.



Leif Arne Lagesen

Eining Helse og omsorg har ein einingsleiar. I tillegg har eininga merkantil teneste med 3 personar på til saman 1,00 stilling.

Hovudoppgåver

- Etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. særleg vektlegge førebygging, behandling og tilrettelegging for å meistre sjukdom, skade og nedsett funksjonsevne.
- Sikre at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha ein aktiv og meningsfull kvardag i fellesskap med andre.
- Sikre gode tenester og eit likeverdig tenestetilbod. Samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasientar og brukarar, samt å sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sine behov tilrettelagt med respekt for den enkelte sin integritet og verdigheit.
- Bidra til at ressursane i heile helse- og omsorg blir utnytta best mogleg.

Mål

Måloppnåing

Brukara	
Arbeide med dei utfordringane samhandlingsreforma gir kommunen.	Aktiv deltaking i ROR sitt nettverk knytt til samhandlingsreforma. Gje øyeblikkelig hjelp til dei som ikkje treng å bli innlagt i sjukehus for behandling.
Oppretthalde god kvalitet på alle helse- og omsorgstenester	Tilbakemeldingar frå dei som får tenester er positive. Tilsette 1 nye sjukepleiarar frå sommar 2017, og andre tilsette som har fått auka kompetanse.
Sikre at brukarane får rett hjelp til rett tid og innrette tenestene mot samhandlingsreforma.	Har ikkje hatt ventetid på tenester. Har klart å gi kort- eller langtidsplass og ø-hjelp til dei som treng det.
Utnytte ressursane samla i eininga	Godt samarbeid mellom avdelingane gir god ressursutnytting og kompetansedeling.
Medarbeidarar	
Kompetanseløftet 2020	Fleire tek fagbrev, høgskuleutdanning og vidareutdanning. Kommunen søker midlar/stipend til desse gjennom fylkesmannen. Fekk tildelt kr. 356.000,- i 2017.

Redusere sjukefråværet til 6 % i helse og omsorg Helse og omsorg kjem ut med eit samla sjukefråvær på 3,1% i 2017

Økonomi

Halde vedtatt budsjett innan helse og omsorg Har ikkje klart å halde budsjetta i 2017. Meirforbruk innan alle ansvarsområda. Sjå kommentarar innan kvar enkelt område.

Samla økonomisk resultat

Meir og mindreforbruk 2015 - 2017 (i heile 1000) totalt i Helse og omsorg

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	51 679	55 621	59.097	53.294
Inntekter	-13 285	-14 695	-16.893	13.443
Netto ramme	38 394	40 926	42 205	39.851
Budsjett	37 588	39 537	41 154	
Avvik	806	1.389	1 051	

(Sammenlignbare tal etter omorganisering)

Kommentarar og avviksforklaringar for heile eininga

I budsjett 2017 ble det gjennomført ei endring i leiar-strukturen. Her vart 4 avdelingsleiarar avvikla og erstatta med utvida fagleiar med 3 på sjukeheimen, 1 i heimebasert omsorg. Butenesta blei til eiga eining med eigen einingsleiar. På helse er dei fleste fagpersonar innanfor sine områda.

Samla har Helse og omsorg eit meirforbruk på kr. 1 052.002 innanfor dei ansvara som blir rapportert her. Som hovudpostar nemnast følgjande: Helsetenester med eit meirforbruk på kr. 951.000, Midsund sjukeheim med mindre forbruk på kr. 197.000, Heimebasert omsorg med eit meirforbruk på kr. 298.000. Sjå på kommentarane for kvart enkelt ansvar.

Helseavdelinga sitt meirforbruk gjeld i hovudsak kommunelegekontoret og legevakt med samla meirforbruk på 1.055.000.

Positive opplevingar

Har hatt gode samarbeidsforhold mellom dei 3 hovudområda i Helse og omsorg. Første gangen på mange år at Midsund sjukeheim samla har eit mindreforbruk på rekneskap. Sjukefråværet har vært svært positivt gjennom heile året og avslutta med et samla fråvær på 3,1%. Viser spesielt til 2 store områder som har svært godt resultat: Midsund sjukeheim med ein nedgang frå 8,6% i 2016 til 4,0% i 2017. Same gjelder heimebasert omsorg med ein nedgang frå 9,4% i 2016 til 2,5% i 2017.

Statistikk

Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	135	136	83
Tal på årsverk	76,65	76,03	51,02
Permisjonar (%)	2015	2016	2017
Dagar	0	0	0
Sjukefråvær (%)	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)	1.4	1.6	1.0
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0.6	0.4	0.0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	5.3	3,9	1,3
Totalt fråvær	7.3	5,9	3,1

Kommentarar

Årsmeldinga tek omsyn til dei 3 hovudområda, Helsetenester, Sjukeheimen og Heimebasert omsorg i tillegg til Helse og omsorgsadministrasjon.

Stor takk til kvar og ein som i gjennom 2017 har gitt svært god kvalitet på tenester til dei som treng det. Kvar og ein som har bedratt til eit lavt fråvær, stor fleksibilitet og stort engasjement. Spesiell takk til fagleiarar som fekk ein ny og utfordrande oppgåve i 2017.

Helse og omsorg – administrasjon og fellesutgifter

I helse og omsorgsadministrasjon har rekneskap heilt i balanse jfr. Budsjettet for 2017.

Helse og omsorgsadministrasjonen har 1,0 stilling. 0,5 st. merkantilt som er i kombinasjon med merkantilt stilling Midsund skule. 0,2 st. er knytt til vederlagsberekning og 0,3 st. knytt til Fagsystemet Profil. Det vert gitt tenester til dei 3 hovudområda som treng bistand i samband med bu, husleigekontraktar, vederlagsberekning og pasientregnskap. I tillegg til alle vanlige merkantile tenester. Stilling knytt til Profil gje også bistand til Butenesta.

Einingsleiarstillinga i 1,0 st. er fordelt på dei 3 hovudområda med 0,5 st sjukeheimen og 0,5 st. heimebasert.

Fagsystemansvarlig på Profil har gjennom 2017 gjennomført ein formidabelt arbeid for å opp gradere kvar å ein til å komme på e-post, bruke profil til god dokumentasjon. Same person har også hatt eit engasjement knytt til velferdsteknologisk løysningar. Dette arbeidet har vore saman med 3 andre personar. Fekk frå Fylkesmannen tildelt kr. 124.000,- til arbeidet med velferdsteknologi.

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	913	914	-1	100	1 246

Helsetenester

Ansvar: Helsestasjon, Jordmorteneste, Kommunelegekontor, Fysioterapi, Psykisk helse, Samhandlingsreforma.

Hovudoppgåver

- Hovudoppgåvene er heimla i «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m..» Administrering og utøving av desse vil variere for kvar einskild tilsett, ut frå stilling og kompetanse.
- Å yte best mulege helsetenester til innbyggjarane. Kvalitet, tilbod, service og effektivitet innanfor ein sunn økonomi er viktige stikkord.
- § 3-2 oppgåver under helsetenesta:
 - Fremme helse og førebygge sjukdom, skade eller lyte. Tiltak med dette for auge organisera som: a: miljøretta helsevern b: helsestasjon c: helsetenester i skular. d: opplysningsverksemd - Diagnose og behandling av sjukdom, skade eller lyte - Medisinsk habilitering og rehabilitering - Pleie og omsorg - Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar.

Mål

Måloppnåing

Brukarar

Yte best mogleg helsetilbod til innbyggjarane i kommunen.

-Har hatt turnuslege heile året.
-Søkt midlar og starta i gang med «Små-jobb» sentral og møteplassen ein dag i veka, lav-terskel tilbod til dei med rus og/eller psykiske problem.

Medarbeidarar

Økonomi

Halde vedtatt budsjett innan avdelinga

Har ikkje klart å halda budsjettet i 2017. Totalt meirforbruk innan avdelinga på kr. 951.000,- Sjå kommentarar.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	9 376	8 425	951	111%	8 623
Netto ramme bygg	285	328	-43	87%	309
Sum drift inkl. kostnader bygg	9.661	8.753	908	105%	8.932

Meir og mindreforbruk 2015 - 2017 (i heile 1000) totalt i Helse og omsorg

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	10.696	13.153	16.154	13.422
Inntekter	-3 285	-4 529	-6 778	-5.019
Netto ramme	7.4118	8.623	9.376	8.403
Budsjett	6.947	8.137	8.425	
Avvik	464	486	951	

Kommentarar og avviksforklaringar

Helsetenesta har hatt eit meirforbruk på kr.951.000,- i 2017 knytt hovudsakleg til følgjande hovudpostar:

- Meirkostnad knytt til kommunelegekontoret og legevakt med kr. 1.055.000,-. I dette beløpet ligg kr. 110.000,- frå 2016 og vedtatt auka legevaktskostnad på kr. 330.000,- Samla beløp på kr. 440.000,- blei ikkje auka i ramma til budsjettet for 2017, men skulle dekkast av allereie vedtatt budsjett.
- Fekk oppseiing av kommunelegen. Fekk berre ein søknad ved utlysing av stillinga. Etter nokre rundar så klarte ein å tilsette ny kommunelege.
- Meirkostnad kan nemnast dei største postane som ekstra lønn knytt til auka ny tilsynslege frå 01.09.med 0,1 st., krav om innkjøp/oppgradering på kommunelegekontoret med kr. 50.000,- på medikament kr. 29.000, kjøp av tenester frå staten på kr. 79.000,-, post med kr. 36.000,-, kjøp frå andre privat med kr. 159.000,-, avskrivningar på kr. 37.000,- og mindre refusjonar frå staten på kr. 120.000,-. Mindre bruker betaling på kr. 61.000,-
- Sjukefråvær har blitt redusert frå 8,2% til 4%.
- Gjennomføre kommunalt ø-hjelp tilbud ved Sjukeheimen. 49 døgn fordelt på 14 personar.
- Har auka stilling i helsestasjonstenesta med 0,15 st. til fast 1,5 st.
- Økonomisk har helsestasjonstenesta eit mindreforbruk på kr. 35.000,-, jordmortenesta eit mindreforbruk på kr. 15.000,-, fysioterapi eit meirforbruk på kr. 60.000,- og psykisk helse har eit mindreforbruk på kr. 119.000,-
- Vedtak på handlingsplan for vold i nære relasjonar.
- Har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen for å gje lav terskel tilbud til dei med rus og eller psykisk problem. Fått etablert Små-jobben i lokalitetar, laga brukt butikk og oppretthald møteplassen. Svært positivt prosjekt som gir meinig i kvardagen for mange som deltek, men også for dei som får hjelp til bl.a. klipp av plen, rydding i skog, bortkøyring av det som skal kastast, men også det som kan leverast til brukt butikk for sal. Samla tilskott på dette prosjektet med kr. 462.000,-
- Har gjennomført amme-veiledning med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet på kr. 250.000,-

Positive opplevingar

Godt samarbeid intern i Helse og med sjukeheim og heimebasert omsorg.

Utfordringar for eininga

INTERKOMMUNAL LEGEVAKT

Det kom ny akuttmedisinsk forskrift for legevakt som inneberer betydeleg endring av krav til lege som kan ha legevakt.. Det vil være en overgangsperiode fom. 01.05.15 tom. 01.05.18 før kommunen skal ha alt på plass i henhold til forskrifta. I 2017 fekk en tildelt kr. 200.000,- til å betale bakvakt knytt til dei som ikkje har spesialisering.

Statistikk

Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	12	13	12
Tal på årsverk	6,49	7,15	7,15
Permisjonar (%)	2015	2016	2017
Dagar	0	0	0
Sjukefråvær (%)	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)	1.9	1.0	1.8
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0	1.1	0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	3.4	6.1	2,2
Totalt fråvær	5,3	8,2	4,0

Kommentarar

Sjukefråværet har frå 2016 til 2017 gått frå 8,2 til 4,0%.

Midsund sjukeheim

Midsund Sjukeheim har 26 plassar, der 2 plassar er korttidsopphald, fordelt på tre avdelingar. 10 av plassane er skjerma-avdeling for aldersdemente.

Drifta ved sjukeheimen omfattar fleire enn bebuarane på Sjukeheimen. 20 bustadar er tilkople med sjukesignal.

Kjøkkenet, som er eit eige ansvarsområde, produserer mat til heimebuande, samt kantineverksemd. Utkøyring av middagar er eit samarbeid mellom kommunen, frivillige enkeltpersonar.

Hovudoppgåver

Tenestene er heimla etter Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. Forskrift for sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie.

- rehabilitering med tanke på tilbakeføring til heimen
- dagopphald, nattopphald, avlastning og terminal pleie
- permanent opphald/langtidsplass ved somatisk avdeling og skjerma avdeling
- for aldersdemente

Mål

Måloppnåing

Brukarar	
Midsund kommune har tilstrekkeleg plassar med heildøgns omsorgstilbod	I 2017 har ein klart å ta inn dei som treng korttidsopphald. Starta med Ø-hjelp døgnoophald frå 01.01.2016 Gitt denne tenesta til 14 personar fordelt på 49 døgn
Omsorga blir gitt med utgangspunkt i brukarane sine ressursar, slik at brukarane opprettheld sin integritet og sjølvstende	Tenesta er basert LEON- prinsippet. Vi har i 2017 satsing vidare på kompetanseutvikling av personalet. Fleire er under utdanning. I tillegg har en satsa på bruk

av Kan Helse Gyldendal. Alle har tilgang på sjukepleierhåndboka.

Tenestene og kommunen som organisasjon utviklar seg i takt med endringane i brukarbehova Tenestene må differensierast og individuelt tilpassast.

Medarbeidar

Midsund kommune følgjer intensjonane i lov og avtaleverk for å sikre kvalitative gode tenester

I høve internkontroll og utvikling av prosedyrar, oppdatere IPLOS, Halde elektronisk fagsystem oppdatert og gje alle tilsette fortløpande opplæring. Interne opplæring på diverse fagområder.

Komme i gang arbeidet med Omsorgsplan 2020

Er i startfasen på dette arbeidet saman med Molde kommune.

Redusere sjuke fråværet frå 2016.

Sjukefråværet ned frå 8,6% i 2016 til 4,0% i 2017

Økonomi

Halde vedtatt budsjett innan avdelinga

Har nådd målet med et samla mindreforbruk på kr. 197.000- på sjukeheimen og kjøkkenet.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	21 125	21 322	-197	99 %	20 862
Netto ramme bygg	4 421	3 975	446	111 %	4 223
Sum drift inkl. kostnader bygg	25 546	25 297	249	101 %	25 085

Meir og mindreforbruk 2015-2017 (i heile 1000)Sjukeheimen og kjøkkenet.

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	26 129	27 184	27 316	24 860
Inntekter	-6 023	- 6.322	-6.192	-4 941
Netto ramme	20 106	20 862	21 125	19 919
Budsjett	20 013	20 412	21 322	
Avvik	-93	450	-197	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2017.

Kommentarar og avviksforklaringar

Midsund sjukeheim har eit samla mindreforbruk på kr. 197.000,- fordelt med kr.18.000,- på sjukeheimen og kr. 179.000,- på kjøkkenet.

Kjøkkenet hadde ei vesentleg høgare inntekt på sal av mat og ei større utgift knytt til innkjøp av matvarer. Lønsbudsjetet hadde i seg sjølv eit mindre forbruk på kr. 104.000,- Midsund sjukeheim hadde i lønsbudsjetet eit lite meirforbruk med kr. 94.000,-. Noko meir inntekt på brukarbetaling enn budsjettet. Medikament og medisinske forbruksvarer er svært vanskeleg å berekne kostnader på i eit budsjett. Det avhenger av kva pasientar ein har inne til ein kvar tid og kva behandling den enkelte skal ha. I rekneskapan har ein hatt eit meirforbruk på i underkant av kr.100.000,-

Som kjent blei det starta med ø-hjelp døgnopphald frå 01.01.2016. Har tildelt 0.3 seng. I 2017 har enn gjeve denne hjelpa til 14 personar med til saman 49 døgn. Denne tenesta blir dekt av egne midlar frå staten. For 2017 tilsvara det i overkant av ½ mill.

Positive opplevingar

Det har vore eit godt samarbeid mellom avdelingane på sjukeheimen, og ein har klart å ta imot alle ferdigbehandla pasientar frå Helseføretaket. Har hald budsjettet som ble gitt i budsjett for 2017. Sjukefråværet enda til slutt på 4%, noko som er særst lågt innan sjukeheimsdrift.



Juleavslutning

Utfordringar for eininga

Det er behov for betre samordning av dei ulike deltenestene innan pleie- og omsorg for å sikre god kvalitet og mangfald framover. Her må målet vere å kunne gje gode tenester i heimen slik at dei kan utsette behovet for institusjonsplass.

Fleire og fleire treng store og komplekse tenester framover. Dei som kjem på sjukeheimen i dag er meir ressurskrevjande enn tidlegare. Det gir dei tilsette mange utfordrande oppgåver som krev auka kompetanse. Vi har ein person som startar på utdanning innan avansert klinisk sjukepleie. Det er også personar i helgestillingar som tek sjukepleiarutdanning og nokre som tek helsefag. Det gjeld å ha tilstrekkeleg med kompetanse til ein kvar tid, dette førar til behov for fleire sjukepleiarstillingar. Vi ønskjer også fleire med spesialutdanning da ein ser at kompleksiteten i helsetenesta fører til eit behov for auka kompetanse.

Samla har Midsund sjukeheim høgskuleutdanna og helsefagutdanna med til saman i overkant av ca 95% av alle tilsette. Den mest kritiske faktoren er å ha tilstrekkeleg med sjukepleiarar og ein må bruke bak-vakt, spesielt på natt der det er ein av dei 3 vaktene med sjukepleie og på enkelte helger som ein ikkje har sjukepleiar vikar å sette inn ved fråvær.

Når det blir ledige assistentstilling eller fagarbeidar blir desse stillingane endra til sjukepleiar . Ser også behovet for å ha vernepleiarkompetanse på skjerma eining.

Statistikk

Brukarar	2015	2016	2017
Tal på sjukeheimplassar	28	28	26
Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	49	50	44
Tal på årsverk	29,66	29,66	30,49
Sjukefråvær (%) Sjukeheimen	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)	1,4	1,4	0,9
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0,8	0,3	0,0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	4,8	7,0	2,1
Totalt fråvær	7,0	8,6	4,0
Sjukefråvær (%) Kjøkkenet	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)		1,3	2,0
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)		0,9	0,0
Trygdebetalt (17 dagar-1 år)		1,4	0,0
Totalt fråvær		3,7	2,0

Kommentarar

Sjukefråværet har gått ned frå 8,6% i 2016 til 4% i 2017 for sjukeheimen og frå 3,7% i 2016 til 2,0% i 2017 på kjøkkenet

Heimetenesta

Heimebasert omsorg omfattar: Heimesjukepleien, Heimehjelp, Prosjekt 12, Prosjekt 14, Aktivitetssenter, Bukollektivet Fjordstua, Avlastning og Støttekontakt.

Hovudoppgåver

Heimetenesta yt hjelp i heimen, anten i form av heimesjukepleie til dei som treng pleie, eller heimehjelp for dei som er avhengig av hjelp til dagleglivets gjeremål.

- Yte hjelp i form av hjelpemidlar, tryggleiksalarm, omsorgsbustad, omsorgsløn og hjelpe med matombringning.
- Hjelpe dei som treng å søkje om aktivitetstilbod eller korttidsopphald/avlastning ved Midsund sjukeheim
- Vere første kontakt i forhold til helsehjelp i kommunen.

Mål

Måloppnåing

Brukarar	
Gje fagleg god kvalitet på tenesta til brukarane i kommunen.	Sikre rett kompetanse til rett tid- ein har tilsette i alle fagstillingar. Betre rutinar knytt til rapportering, arkivering, oppfølging av vedtak som har "fortløpande fagleg vurdering" i teksten.
Meir fokus på kvardagsrehabilitering "hjelp til sjølvhjelp"	Dette har ein fått gjort noko med, men det er framleis ein veg å gå før ein kjem i mål.
Medarbeidar	
Halde sjukefråværet laver en 2016.	Dette har ein klart å få ned då sjukefråværet har frå 9,6% i 2016 til 2,5% i 2017
Halde IPLOS og Profil oppdatert på alle som får tenester.	Alle vedtak og tenester er i løpet av 2017 blitt oppdaterte på Profil. Ein har utført oppdatering av IPLOS registrering av alle brukara. IPLOS skal vere med å synleggjere brukarens ressursar og bistandsbehov, og skal leggjas til grunn for alle nye vedtak som fattast. Det er difor viktig at nye registreringar blir gjort når brukarens helsetilstand enten betrar seg eller blir forverra-Her har ein fortsatt eit forbettringspotensiale.
Soneansvarlig- Sjukepleiarar i heimebasert omsorg har fått tildelt soneområde der ein skal forsøke å halde pasientjournalen oppdaterte til ein kvar tid.	Ein har arbeida effektivt også i 2017 med å halda pasientjournalane oppdaterte, dette gjeld då: vedtak og teneste i samsvar, sjukepleiesamanfatning, medikamentliste og relevante diagnosar. Hadde eigen planleggingsdag for alle tilsette i heimebasert omsorg.
Økonomi	
Halde vedtatt budsjett innan avdelinga.	Ein har ikkje klart å halde budsjettet for 2017. har et samla meirforbruk på kr. 298.000,- Forklaring ligg i beskrivelsen

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap (i heile 1000)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	%-forbruk	Rekneskap 2016
Netto ramme drift	10 791	10.493	298	103 %	10 195
Sum drift inkl. kostnader bygg	10 791	10 493	298	103 %	10 195

Meir og mindreforbruk 2015-2017 (i heile 1000)

	2015	2016	2017	Budsjett 2018
Utgifter	12 420	13 071	13 744	13 145
Inntekter	-2 787	-2 876	-2.953	-2.678
Netto ramme	9 633	10 195	10 791	10 467
Budsjett	9 432	9 803	10 493	
Avvik	201	392	298	

Investeringar

Eininga har ikkje hatt investeringar i 2017.

Kommentarar og avviksforklaringar.

Eininga har eit samla meirforbruk på kr. 298.000,- i 2017. Heimetenesta har hatt eit meirforbruk på kr. 366.000,- enn budsjettet. Av dette er BPA deler av året med ein meirkostand på kr. 250.000,-. Omsorgsbustad har et mindre forbruk på kr. 24.000,-, Støttekontakt/avlastning har eit mindre forbruk på kr. 24.000,-. Og aktivitetssentret hadde et mindre forbruk på kr. 20.000,-

Fortsatt i 2017 har ein merka stor pågangen på tenester i den enkelte heim. Ein blir tidlegare utskrivne frå Helseforetaket som medføra behov for tenester, både i heimesjukepleia og heimehjelpa.

Det har vore eit svært godt samarbeid med legekantor og sjukeheimen. Gjennom dette samarbeidet har ein klart å imøtekomme dei utfordringane ein har møtt, og pasientane har blitt ivaretatt og har mottatt tenestene når dei har hatt behov for dei.

Sjukefråværet har gått ned frå 9,6 % i 2016 til 2,5% i 2017.

Heimetenesta har følgjande administrasjons tid: 20% hjelpemiddelansvarlig, fagansvarlig med 35% og hørsel/syn med til saman 8% og 20% demenskoordinator.

Ein har brukt Kr. 255.000 meir enn budsjettet med til kjøp av private tenester «Inn på tunet». Dette er eit aktivitetstilbod til heimebuande med demens, og her har ein sett behovet for å auka opp tenesta til 5 dagar pr. veke, samt antall plassar pr. dag.

Har frå august 2017 auka BPA til ein person med ca. 0,7 st.

Ein har brukt midlar på kurs til hjelpemiddelansvarleg, synskontakt, hørselskontakt og Noklus ansvarleg. Ein har og delteke på eit samarbeid med palliativt team og fleira andre kommunar «Saman for lindring». 2 sjukepleiarar deltar på dette frå heimesjukepleia, og bidreg til å få auka kunnskap om palliativ pleie.

Positive opplevingar

- Etter stor innsats av alle i heimebasert omsorg har ein klart å oppdatere alle brukarane sine journalar- dette inneber sjukepleiarsamanfatning, diagnoser, medikamentliste og IPLOS. Vedtak og tenester er oppdaterte og i samsvar.- Godt samarbeid mellom avdelingane.

Også i 2017 var ein i stand til å ta imot alle pasientar som var meldt utskrivingsklare frå sjukehuset, både dei som hadde behov for korttidsopphald ved sjukeheimen og dei som kunne reise tilbake til heimen.

Utfordringar for eininga

Ein opplever at det er ein del usikkerheit knytt til utskriving av pasientar frå sjukehuset- det er stadig dårlegare pasientar og ofte med eit meir kompleks sjukdomsbilete som utskrivas frå sjukehuset og vert sendt til heimkommunen. Dei som kjem heim frå sjukehusopphald treng ofte mykje meir tenester enn tidlegare, og dette fører til auka press på heimesjukepleia. Å ha nok kompetanse og nok personale tilgjengelig til ein kvar tid for å unngå overbelastning på dei tilsette og meirforbruk.

- Få tilstrekkelig tid til å få oppdatere pasientjournalar og evaluere i gangsette tenester kontinuerlig i ein hektisk og travel arbeidskvardag.
- Ønskeleg å få på plass mobilomsorg.

Statistikk

Brukarar	2015	2016	2017
Tal personar med tenester	85	85	84
Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	18	18	23
Tal på årsverk	12,02	12,12	12,38
Sjukefråvær (%)	2015	2016	2017
Eigenmelding (1-8 dagar)	2,0	1,9	1,5
Bedriftsbetalt (1-16 dagar)	0,3	0,9	0,1
Trygdebetal (17 dagar-1 år)	6,9	6,6	0,3
Totalt fråvær	9,2	9,4	2,5

Kommentarar

Har hatt ei auke i sjukefråveret sidan 2014-gjennom 2015 og 2016. I 2017 har ein klart å snudd trenden og kjem ut med totalt 2,5%. Har ikkje hatt langtidsfråvær. Ein har ved tett oppfølging, samarbeid, tilrettelegging og mykje fokus gjeve resultat. I tillegg er det viktig med eit godt å trygd arbeidsmiljø og tilrettelagte lokalitetar.

Butenesta

Einingsleiar Martha Midtbø

Butenesta omfattar Bukollektivet Myratun, Dagsenteret "Vågatun» i Rakvågen, Avlastning barn, og støttekontakt.

Hovudoppgåver

Butenesta si oppgåve er å yte omsorg, opplæring og praktisk bistand til personar over 18 år med ei psykisk utviklingshemming. Tenesta skjer i den enkelte heim, men det blir og gitt bistand i forhold til aktivitetar, fritid og helsetilbod, alt etter brukarens individuelle behov. Tenestetilbodet skal leggast til rette med respekt for den einskilde sin fysiske og psykiske integritet så langt som mogeleg, og i overenskomst med brukarens eiga bestemming.

Mål	Måloppnåing
Brukarar	
Ha ein innhaldsrik kvardag	Aktivitet/arbeid tilpassa den enkelte brukar.
Medverknad i eigen kvardag	Arbeide aktivt med å ivareta brukarar sine ressursar og veilede i forhold til oppgåver i kvardagslivet.
